

**Kvartalsrapport
pr. 30.09.2020**

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2020

Resultat

Banken har pr. 30.09.2020 oppnådd ein rentenetto på kr. 52,6 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,83 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen på kr. 44,9 mill. og i prosent av gfk 1,61 %. Rentenettoen i kroner har auka med kr 7,7 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Tiltaka for å redusere smitte i samband med Covid19-pandemien har gitt utslag i redusert økonomisk aktivitet. Norges Bank har difor sett ned styringsrenta. Luster Sparebank har dermed og sett ned sine renter. Utlånsrenter er sett ned meir enn innskotsrenter. Dette har redusert rentenettoen. Samstundes er eit tapsmerka engasjement blitt gjort opp i perioden. Dette gjer at Luster Sparebank har kunne inntektsført avsette, ikkje inntektsførte renter på engasjementet. Effekten av denne inntektsføringa er større enn reduksjon i rentenetto som følgje av rentenedsetjinga.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.09.2020 er på kr 19,1 mill. som er kr 1,4 mill. lågare enn pr. 30.09.2019. Luster Sparebank har investeringar i DNB AS og Verd Boligkreditt AS. Tidligere år har desse selskapa delt ut utbytte. På grunn av restriksjonar frå Finanstilsynet i samband med Covid19-pandemien har desse selskap ikkje delt ut utbytte i 2020. Dette forklarar reduksjonen i netto andre driftsinntekter.

Sum driftskostnader før tap på utlån har auka med kr 0,9 mill. Lønskostnader har auka som følgje av lønsoppgjeret. It-kostnader har og auka som følgje av at nye løysningar er blitt teke i bruk. I tillegg gjer fleire krav frå styresmaktene at it-løysingar må tilpassas nye regelsett.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 11,4 mill. Pr 30.09.2019 var det kostnadsførte tap med kr 1,7 mill. Utviklinga så langt i 2020 har gjort at banken har måtte nedskrive enkelte BM-engasjement. Desse nedskrivningane er ikkje relatert til økonomiske utfordringar som følgje av Covid19-pandemien.

Pr 30.09.2020 er resultat etter skatt på kr 22,3 mill. mot kr 25,5 mill. på same tidspunkt i 2019.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2020 er på kr 3.915,2 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 107,8 mill. (2,8 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2020 på kr 4.591,5 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 176,7 mill. eller 4,0 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.267,2 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 213,9 mill. eller 7,01 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2020 overført kr 676,3 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 607,4 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 282,9 mill. eller 7,7 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2020 er fordelt med 26,1 % på næring og 73,9 % på personmarknad og offentlig sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 24,5 % på næring og 75,5 % på personmarknad og offentlig sektor. Innskot frå kundar er bokført med kr 2.854,3 mill. Veksten siste året er på kr 173,2 mill. eller 6,5 %. Banken har langsiktig lånt inn kr 65 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 400,7 mill. Banken si innskotsdekning er 86,5 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 55,8 mill. kr. pr. 30.09.2020. Dette er ein auke på kr 23,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått opp med kr 7,9 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Nedskrivning på grupper har gått ned mens nedskrivning på enkeltengasjement har auka. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2020.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr. 30.09.2020 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 463,95 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.088,1 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 22,22 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2020 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 23,29 %.

Eigarpostar i samarbeidande grupper skal inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS og Brage Finans AS og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 21,31 %, ei kjernekapitaldekning på 21,57 % og ei kapitaldekning på 21,91 %.

Utsiktene for resten av året

Ringverknadane av Covid19-pandemien vil etter styret sine vurderingar prege resten av året. Forskjellen mellom utlånsrenter og innskotsrenter er blitt redusert. Dette reduserer inntektene til banken. Arbeidsløysa i landet har auka som følge av at verksemder får problem. Ein har førebels ikkje merka store konsekvensar av dette blant Luster Sparebank sine kundar eller i Luster Sparebank sitt hovudområde i Indre Sogn.

Men det er viktig å overvake kredittrisikoen i banken si utlånsportefølje og spesielt i engasjementa tilknytt reiselivet. Det er og viktig å halde kontroll på kostnadane slik at ein tilpassar seg ein situasjon med lågare inntekter.

Luster Sparebank sitt resultat pr. 30.09.2020 er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret vurderer det slik at banken er godt rusta til å handtere situasjonen Covid19-pandemien har skapt.

Gaupne, 30.10.2020

I styret for Luster Sparebank

Svein Ove Slinde
Styreleiar

Ove Nyland

John Geir Sperle

Torbjørn Tuften

Inge Teigen

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	01/01 til 30/09 2020	01/01 til 30/09 2019	3. kvartal 2020	3. kvartal 2019	01/01 til 31/12 2019
Renteinntekter og liknande inntekter	80.420	78.677	20.892	27.727	108.503
Rentekostnader og liknande kostnader	27.802	33.741	5.225	11.490	45.795
Netto renteinntekter	52.618	44.936	15.667	16.237	62.708
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	10.589	9.276	3.798	3.250	13.332
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.104	-1.194	-419	-451	-1.649
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument	4.477	7.966	1.700	1.511	10.442
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	4.264	3.610	936	459	3.562
Andre driftsinntekter	884	847	277	77	620
Netto andre driftsinntekter	19.110	20.505	6.292	4.846	26.307
Løn og andre personalkostnader	14.869	14.480	5.352	4.092	21.828
Andre driftskostnader	15.104	14.067	4.564	4.447	19.479
Ordinære avskrivningar	729	1.216	238	405	1.236
Sum driftskostnader	30.702	29.763	10.154	8.944	42.543
Tap på utlån, garantiar o.l.	11.403	1.655	894	729	3.137
Driftsresultat før skatt	29.623	34.023	10.911	11.410	43.335
Skattekostnad	7.406	8.506	2.728	2.852	9.795
Resultat etter skatt	22.217	25.517	8.183	8.558	33.540
Utvida resultat					
Andre inntekter og kostnader	61		20		
Totaltresultat	22.278	25.517	8.203	8.558	33.540

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Kontantar og kontantekvivalentar	71.788	73.571	69.875
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	124.666	208.856	177.782
Utlån til og fordringar på kundar	3.267.154	3.053.159	3.100.993
Rentebærande verdipapir	0	10.696	0
Obligasjons- og pengemarknadsfond	272.821	317.797	273.973
Aksjar	132.610	91.051	90.730
Aksjefond	8.829	3.750	3.750
Immaterielle eigendeler	189	6.116	6.789
Varige driftsmidlar	4.166	5.108	4.920
Andre eigendeler	32.975	37.289	38.001
SUM EIGENDELER	3.915.198	3.807.393	3.766.813
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	65.046	155.000	120.000
Innskot og andre innlån frå kundar	2.854.318	2.681.164	2.679.751
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	400.677	430.006	430.017
Anna gjeld	9.559	11.695	26.926
Avsetningar	29.821	44.003	19.571
Sum gjeld	3.359.421	3.321.868	3.276.265
Sum eigenkapital	555.777	485.525	490.548
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.915.198	3.807.393	3.766.813
Garantiansvar	30.306	28.558	39.037
Pantsetjingar	206.650	51.259	50.919
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	676.272	607.383	675.443
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.841.006	3.736.104	3.715.814

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnitlig forvaltningskapital)

	01/01 til 30/09 2020	01/01 til 30/09 2019	01/01 til 31/12 2019
Renteinntekter og liknande inntekter	2,80 %	2,82 %	2,92 %
Rentekostnader og liknande kostnader	0,97 %	1,21 %	1,23 %
Netto renteinntekter	1,83 %	1,61 %	1,69 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,37 %	0,33 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,04 %	-0,04 %
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	0,16 %	0,29 %	0,28 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,15 %	0,13 %	0,10 %
Andre driftsinntekter	0,03 %	0,03 %	0,02 %
Netto andre driftsinntekter	0,66 %	0,73 %	0,71 %
Løn og andre personalkostnader	0,52 %	0,52 %	0,59 %
Andre driftskostnader	0,53 %	0,50 %	0,52 %
Ordinære avskrivningar	0,03 %	0,04 %	0,03 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	1,07 %	1,07 %	1,14 %
Tap på utlån, garantiar o.l.	0,40 %	0,06 %	0,08 %
Driftsresultat før skatt	1,03 %	1,22 %	1,17 %
Skattekostnad	0,26 %	0,30 %	0,26 %
Resultat etter skatt	0,77 %	0,91 %	0,90 %

Eigenkapitaloppstilling 30.09.2020

(Tal i heile 1.000)

	Sparebank- ens fond	Gavefond	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2019	471.848	18.700		490.548
Endringar 01.01.2020 ved overgang til IFRS				
Endring i måling av tap			1.468	1.468
Endring i måling aksjer og aksjefond			39.142	39.142
Gaver disponert av styret reklassifisert som eigenkapital		4.293		0 4.293
Auke i gjeld			-314	-314
Skatteeffekt av endingen			-21	-21
Eigenkapital 01.01.2020	471.848	22.993	40.275	535.116
Vedtekne gåver i perioden		-1617		-1.617
Resultat etter skatt i perioden	22.278			22.278
Eigenkapital 30.09.2020	494.126	21.376	40.275	555.777

NOTEOPPLYSNINGAR

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap er utarbeida i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og IFRS som fastsett i "Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak".

Delårsrekneskap er ikkje revidert.

Banken vil unnlate å gi følgjande noteopplysningar etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det blir istaden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriften § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Delårsrekneskap er utarbeida i henhold til gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar.

Delårsrekneskapet omfattar ikkje all informasjon som blir krevd i eit fullstending årsrekneskap og bør leses i sammenheng med årsrekneskap for 2019. Banken har ikkje omarbeida samanlikningstal iht. forskriften § 9-2. Samanlikningstal for 2019 er i samsvar med NGAAP.

Rekneskapsprinsipp beskrevet over er blitt nytta ved utarbeiding av åpningsbalanse etter IFRS.

Vi viser til note 20 i årsrapport for 2019 som syner banken sin åpningsbalanse etter IFRS og effektane av denne overgangen.

I samsvar med forskrift om årsregnskap for banken, kredittforetak og finansieringsforetak har banken utsett implementering av IFRS 16 Leieavtalar til rekneskapsåret 2021.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfeller må ta forutsetningar og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar.

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande og er basert på historiske erfaringar og forutsetnader om framtidige hendingar som blir vurdert som sansynlege på tidspunkt for utarbeiding av balansen. Det er knytta usikkerhet til dei forutsetningar og forventningar som ligg til grunn for brukte estimat og skjønsmessige vurderingar. I årsrekneskapet er det redegjort nærmare for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tall er i kr 1.000 om ikkje anna er oppgitt.

NOTE 2 INNSKOT FRÅ KUNDAR FORDELT PÅ SEKTOR OG NÆRING

	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Lønstakarar	2.122.607	1.954.319	2.012.167
Offentleg sektor	148.122	159.601	134.043
Finans og andre sektorar	96.099	91.170	93.114
Næring			
- Primærnæring	64.545	95.000	56.926
- Industri	18.720	14.000	15.979
- Kraftproduksjon	22.719	31.000	17.977
- Bygg og anlegg	103.830	80.000	77.899
- Handel	48.192	38.000	38.949
- Hotell og restaurantdrift	37.550	41.000	21.971
- Transport	10.867	16.000	15.979
- Eigedomsdrift	83.243	74.000	101.867
- Andre tjenesteytande næringar	85.705	76.000	77.899
- Interesseorganisasjonar	12.119	11.074	14.981
Sum innskot	2.854.318	2.681.164	2.679.751

NOTE 3 UTLÅN TIL KUNDAR

	30.09.2020	30.09.2020	31.12.2019
Personkunder	2.408.688	2.289.557	2.290.742
Offentleg sektor	16.404	18.956	17.629
Finans og andre sektorar	13.022	12.256	16.199
Næring			
- Primærnæring	136.669	130.175	139.819
- Industri	47.817	40.487	48.873
- Kraftproduksjon	35.066	35.619	35.270
- Bygg og anlegg	105.986	91.510	99.434
- Handel	52.253	44.347	44.975
- Hotell og restaurantdrift	61.911	64.337	65.611
- Transport	30.697	28.322	30.509
- Egedomsdrift	318.458	251.864	271.242
- Andre tjenesteytande næringar	70.287	67.743	63.598
- Interesseorganisasjonar	966	1.148	1.035
Sum utlån før nedskrivningar	3.298.224	3.076.321	3.124.936
Trinn 1 nedskrivningar	-4.095		
Trinn 2 nedskrivningar	-1.669		
Trinn 3 nedskrivningar	-2.139		
Individuelle nedskrivningar	-24.376	-9.462	-17.743
Tilbakeførte nedskrivningar trinn 1 på lån som kan selges til Verd			
Boligkreditt AS (lån til personmarkedet)	1.209		
Nedskrivning på grupper av utlån NGAAP		-13.700	-6.200
Sum utlån til og fordringar på kunder	3.267.154	3.053.159	3.100.993
Overført til Verd Boligkreditt AS	676.272	607.383	675.443
Totale utlån	3.943.426	3.660.542	3.776.436

Fordeling av utlån til kunder ut frå om utlån er vurdert til amortisert kost eller til verkeleg verdi

	30.09.2020	01.01.2020
Amortisert kost		
Næringslivskunder	860.110	800.366
Offentleg sektor	16.404	17.629
Finans og andre sektorar	13.022	16.199
Nedskrivning trinn 1	-2.885	-2.821
Nedskrivning trinn 2	-1.480	-1.252
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-2.095	-1.580
Nedskrivning trinn 3 individuelle	-23.972	-17.098
Sum utlån vurdert til amortisert kost	859.104	811.443
Verkeleg verdi		
Personkunder	2.408.688	2.290.742
Nedskrivning trinn 1	-1.209	-1.148
Nedskrivning trinn 2	-190	-113
Nedskrivning trinn 3 modellbasert	-44	-38
Individuelle nedskrivningar	-404	-647
Tilbakefører trinn 1 då verkeleg verdi av utlån er definert som utlån til amortisert kost + nedskrivning trinn 1	1.209	1.148
Sum utlån vurdert til verkeleg verdi	2.408.050	2.289.944

Trinn 1 personkunder 01.01	1.148
Trinn 1 personkunder 30.09	1.209
Endring resultatføres i utvida resultat	61

Utlån vurdert til amortisert kost	859.104	3.059.738	811.443
Utlån vurdert til virkeleg verdi	2.408.050		2.289.944
Sum utlån til og fordringar på kundar	3.267.154	3.059.738	3.101.387

MISLEGHALD OG TAPSUTSETTE, NEDSKRIVING PÅ UTLÅN

Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar

	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Misleghald næringlivskundar	38.696	28.605	37.425
Misleghald personkundar	3.681	3.998	2.299
Brutto misleghaldne engasjement	42.377	32.603	39.724
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	20.995	9.462	10.187
Netto misleghaldne engasjement	21.382	23.141	29.537

Engasjement som er tapsutsett men ikkje misleghaldne

	30.09.2020	30.09.2019	31.12.2019
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	13.437	0	32.961
Individuelle nedskrivningar (trinn 3)	3.381	0	7.556
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	10.056	0	25.405

NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

Pr 30.09.2020

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Individuell nedskrivning	0	0	0	24.376	24.376
Utlån og kredittar til kundar	4.095	1.670	2.139	0	7.904
Unytta kredittar til kundar	123	50	5	0	178
Garantiar til kundar	78	10	53	0	141
Innskot/fordring på kredittinstitusjon	0	0	0	0	0
Sum nedskrivningar	4.296	1.730	2.197	24.376	32.599
Bokført som reduksjon eigendeler	4.095	1.670	2.139	24.376	32.280
Bokført som auke annan gjeld	201	60	58	0	319
Sum nedskrivningar	4.296	1.730	2.197	24.376	32.599

ENDRING I NEDSKRIVING ETTER IFRS 9

	Steg 1 Modellbasert 12 mnd. tap	Steg 2 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Modellbasert livstid tap	Steg 3 Individuelt vurdert	Sum ned- skrivningar
Nedskrivningar 01.01.2020	4.153	1.403	1.692	17.745	24.993
Overføringer:					
Overført til trinn 1	265	-99	-166	0	0
Overført til trinn 2	-164	173	-9	0	0
Overført til trinn 3	-279	-81	360	0	0
Netto endring	-272	308	658	10.909	11.603
Nye tap	1.087	461	0	375	1.923
Frårekna tap	-494	-435	-172	-1.642	-2.743
Konstatert tap	0	0	-166	-3.011	-3.177
Inngått på tidligere konstaterte tap	0	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametre		0	0	0	0
Andre endringer	0	0	0	0	0
Nedskrivningar 30.09.2020	4.296	1.730	2.197	24.376	32.599
Bokført som reduksjon eigendeler					32.280
Bokført som auke annan gjeld					319
Sum nedskrivningar 30.09.2020					32.599

NOTE 4 VERDIPAPIR

Denne noten gir informasjon om kva metode som blir nytta til å måle banken sine verdipapir. Banken sine verdipapir blir delt inn i tre grupper eller nivå.

Nivå 1

Verdipapira i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av observerbare marknadsvardiar. Banken verdsetter børsnoterte aksjar og fond etter denne metoden

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknaddata. Pr 31.13.2020 har ikkje banken verdipapir som blir verdsett etter denne metoden.

Nivå 3

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknaddata ikkje inngår. For dei fleste av verdipapira i denne gruppa har banken verdsett selskapa til banken sin andel av den bokførte eigenkapitalen i selskapa.

30.09.2020	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet				
Obligasjonar				0
Pengemarknad og obligasjonsfond	272.821			272.821
Aksjar	4.987		127.623	132.610
Aksjefond	8.829			8.829
Sum	286.637	0	127.623	414.260

Avstemming	Nivå 3
Inngående balanse 01.01	123.831
Realisert vinst/tap	0
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet	4.101
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat	0
Investering	808
Salg	-1.117
Utgående balanse	127.623

NOTE 5 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSMARKNADEN

Innlån frå kredittinstitusjonar	30.09.2020			
				Bokført verdi
	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
Kredittforeningen for Sparebanker	23.11.2017	17.09.2021	35.000	35.013
Kredittforeningen for Sparebanker	16.01.2020	10.02.2023	30.000	30.033
Sum gjeld til kredittinsitusjonar			65.000	65.046

Obligasjonar notert på Nordic ABM	Bokført verdi			
ISIN-nr	Opptak	Forfall	Pålydande	inkl renter
NO0010785900	03.02.2017	03.02.2021	80.000	80.148
NO0010791643	27.04.2017	27.04.2021	60.000	60.121
NO0010813967	11.01.2018	11.01.2022	70.000	70.166
NO0010822018	04.05.2018	04.05.2022	80.000	80.130
NO0010835333	01.11.2018	01.11.2022	60.000	60.098
NO0010873573	24.01.2020	24.08.2023	50.000	50.080
Over/underkurs				-66
Sum obligasjonar			400.000	400.677

NOTE 6 ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

	30.09.20	30.09.19	31.12.19
Eigenkapital	555.777	441.308	490.548
- Fradrag for resultat fordi rekneskap ikkje er revidert	-22.278	18.700	
- Frådrag	-69.545	-61.232	-52.086
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	463.954	398.776	438.461
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	3.289	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	16.920	19.154	20.540
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjonar	23.633	53.088	40.930
Foretak	65.296	108.431	104.536
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.438.752	1.511.908	1.471.125
Forfalte engasjementer	257.444	29.214	25.317
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0	0
Andeler i verdipapirfond	34.605	82.223	32.258
Eigenkapitalposisjonar	74.720	40.495	47.964
Øvrige engasjement	22.032	36.887	97.000
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.936.691	1.881.400	1.839.670
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	151.428	143.038	151.428
Sum berekningsgrunnlag	2.088.119	2.024.438	1.991.098
Kapitaldekning			
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	22,22 %	19,70 %	22,02 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital er			
8 % av sum berekningsgrunnlag	167.050	161.955	159.288
Ansvarleg kapital	463.954	398.776	438.461
Overskot av ansvarleg kapital	296.904	236.821	279.173
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	296.904	236.821	279.173
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	52.203	50.611	49.777
Systemrisikobuffer 3 %	62.644	60.733	59.733
Motsyklisk buffer 2 %	31.322	30.367	49.777
Sum bufferkrav	146.168	141.711	159.288
Overskot rein kjernekapital	150.736	95.110	119.885

KONSOLIDERT KAPITALDEKNING

Luster Sparebank rapporterer konsolidert kapitaldekning for samarbeidande grupper der banken er medeigar i samarbeidande finanst institusjonar.

	30.09.20	30.09.19	31.12.19
Konsolidert rein kjernekapital	533.969	455.394	489.595
Konsolidert kjernekapital	540.427	461.940	496.069
Konsolidert kapitaldekning	549.021	467.844	499.042
Konsolidert beregningsgrunnlag	2.505.925	2.400.993	2.361.931
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	21,31 %	18,97 %	20,73 %
Konsolidert kjernekapitaldekning	21,57 %	19,24 %	21,00 %
Konsolidert kapitaldekning	21,91 %	19,49 %	21,13 %

NOTE 7 LIKVIDITET

	30.09.20	30.09.19	31.12.19
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	122,4 %	176,0 %	172,0 %